



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

**Fylkesrådmannen**

Informasjonstenesta

5020 Bergen

Telefon 55 23 99 42

Telefaks 55 23 99 49

---

Bergen 26. november 2008

## Til Orknøyane med Hauge-Tveitt program

Jubileumsprogrammet «Hardanger» med Olav H. Hauge sin lyrikk og Geirr Tveitt sin musikk vert ein sentral del av programmet ved arrangementa knytt til tenninga av hordalandstreet (The Lightning Festival) i Kirkwall på Orknøyane helga 5.-7. desember.

I år høgtidar Hordaland fylkeskommune og Orknøyane 25-års jubileum for venskapsavtalen og det er difor ekstra stas å få syna fram 100-årsprogrammet for Hauge-Tveitt under denne markeringa, seier fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg.

Fylkesordføraren skal stå for juletretenninga ved St. Magnus katedralen i Kirkwall laurdag 6. desember.

### Konsertserie

Songaren Reidun Horvei, pianisten Geir Botnen og spelemannen Einar Mjølshes vil i tidsrommet 2. - 8. desember ta del i fleire konsertar og ha samarbeid med musikarar frå Orknøyane. Dei skal medverka både med konsertar i St. Magnus katedralen, ha skulekonsertar for ungdom, vera med på dei seremonielle juletretenningane i lokalsamfunna rundt Kirkwall og utføra representasjonsoppgåver.

Programmet «Hardanger» vert framført på engelsk og inneheld verk av dei to hundreårsjubilantane Olav H. Hauge og Geirr Tveitt. Her vert «Solgudens dans» frå verket «Baldurs draumar» framført, i tillegg til folketonar i komposisjonar for klaver og innslag av norrøn mytologi i diktning av Olav H. Hauge. Alt vert sydd saman med informative kommentarar sett i ljøs av livet til desse to kunstnarane. Tidlegare i haust har musikarane hatt 50 konsertar med programmet «Hardanger» og vitja fleire sentrale stadar i Hordaland i tillegg til konsertar på ungdomsskulane i fylket.

### Edinburgh og Cardiff

I fylkeskommunen sine samarbeidsbyar Edinburgh og Cardiff vert det også i år julemarkeringar med kulturinnslag frå Hordaland. Begge stader vert det konsertar med musikarane Anne Nitter Sandvik (piano), Knut Hamre (hardingfele) og Kersti Stråbi (songar, forteljar og komponist).

Ved arrangementa i Edinburgh 27. november deltek fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg. I Cardiff søndag 30. november er det fylkesvaraordførar Tom-Christer Nilsen som leier hordalandsdelegasjonen.